



Svein Magne Krossnes  
Flatøyvegen 85  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/452 - 23/4518

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
20.01.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 1/2 Flatøy**

Tiltak: dispensasjon - parkeringsplass  
Byggjestad: Gbnr: 1/2  
Tiltakshavar: Svein Magne Krossnes  
Ansvarleg søkjar: Svein Magne Krossnes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.01.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt dispensasjon frå regulert planføremaal – friluftsområde og frå 100-meters belte langs sjøen, men ikkje søkt dispensasjon frå føremål -mellombels anlegg og riggområde. Tiltakets tilkomst via privat veg kjem i konflikt med regulert mellombels anlegg og riggområde i reguleringsplanen for Kollektiv knutepunkt og innfartsparkering Flatøy plan nr 125620160002. Parkering er i konflikt med byggjegrense regulert i planen for Flatøy vest og Salhusbru i tillegg. Det er ikkje søkt dispensasjon frå byggjegrense mot offentleg veg regulert i planen. Søknad om to manglande dispensasjonar skal ettersendast med grunngjeving.
2. Nabovarsel til Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune er ikkje sendt. Når det kjem søknad om to dispensasjonar gjeldande anlegg og riggområde og byggjegrense mot veg skal desse vidaresendast til vegmynde, kommune vurderer at det ikkje naudsynt med nabovarsel i dette tilfelle.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 20.02.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **GENERELL INFORMASJON**

**Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Svein Magne Krossnes

Flatøyvegen 85

5918 FREKHAUG